

God sommar! God pinse!

Det er kjekt å komme tilbake etter ei periode med operasjon og sjukmelding. Rett nok ikkje ein «farleg» operasjon. Alt gjekk veldig bra. Og det er flott å kjenne kreftene vokse, komme seg tilbake til «normalen». Eit lite under er det! Og så kjem sommaren! Naturen er i full vekst. Sola skiner, fjorden lyser, masse ulike fargar i naturen. Finaste tida i heile året. Vi feirar pinse i denne perioden. «Pinse» tyder 50 dagar, etter påske, sjølv sagt. Heilaganden kjem. Jesus sin Ande. Han vil bu i oss. Gi oss inspirasjon, nye evner. Pinse er disiplinane si oppstodedag, pinseanden er oppstodeanden. Menneske klarar ting dei aldri hadde drøymt om dei kunne gjere. Og dette gjelder oss! Det er masse store ting i vente i løpet av dette året. Vi kan gled oss til. Bokstaveleg talt: Aftansong med kantoriet, kyrkjejubileet på Kyrkjebø, kyrkjevalet, visitasen i Lavik og på sørsida. Pinseanden i alle sokn i heile Høyanger!

God sommar! God pinse!

Andreas Ester prest



Rabbula-Evangeliet (ca. 586)